



Retningslinje for tildeling av plass ved Ner Kolås arbeids- og aktivitetssenter

Gjeld frå 1. januar 2020



ALVER
KOMMUNE



Innhald

Kapittel 1. INNLEIANDE REGLAR.....	2
1. Formål.....	2
2. Virkeområde	2
3. Definisjonar.....	2
KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV Plass	2
4. Søknad.....	2
5. Alder	2
6. Psykiske helseutfordringar	2
7. Sosial fungering.....	2
8. Økonomi.....	2
9. Arbeid og aktivitet.....	2
10. Prioritering og utmåling	3
KAPITTEL 3. AVSLUTTANDE REGLAR.....	3
11. Reduksjon eller bortfall av plass.....	3
12. Vedtak.....	3
13. Iverksetting	3



Kapittel 1. INNLEIANDE REGLAR

1. Formål

Formålet er å leggje til rette for arbeidstrening og meningsfull fritid med aktivitet for personar som har psykiske helseutfordringar.

2. Virkeområde

Retningslinja gjeld for tildeling av plassar.

3. Definisjonar

Arbeids- og aktivitetssenteret er ope 3 dagar i veka og har tilbod om ulike aktivitetar/oppgåver med fokus på arbeidstrening.

KAPITTEL 2. VILKÅR FOR TILDELING AV Plass

4. Søknad

Det må søkjast om plass og søknaden må grunngjevast. Søknadsfrist er 1. mars for tildeling av plassar ved Ner Kolås i perioden 01.08- 30.06. I juli er tilbodet stengt.

Det er også høve til å søkje løpande gjennom året for tildeling av restplassar.

5. Alder

Søklar må vere i aldersgruppa 25-67 år for å få plass ved Ner Kolås.

I særlege tilfelle kan personar mellom 18-25 år få tildelt plass.

6. Psykiske helseutfordringar

Søklar må ha psykiske helseutfordringar.

Det er ikkje tillate å nytte eller å vere påverka av rusmiddel.

7. Sosial fungering

Du må fungere godt i sosialt fellesskap med andre for å få tildelt plass.

Du må som hovudregel kunne utføre arbeidsoppgåver og aktivitet sjølvstendig.

8. Økonomi

Søklar må ha uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar.

9. Arbeid og aktivitet

Søklar må vere i behov for eit arbeids- og aktivitetstilbod.



Søkjjar må ha restarbeidsevne og vere motivert for å ta i mot opplæring og delta i arbeid og aktivitetar som vert tilbydd ved Ner Kolås.

Søkjjar må inngå arbeidstreningsavtale med Ner Kolås arbeids- og aktivitetssenter.

Søkjjar kan ikkje nyttiggjere seg andre arbeidsmarknadstiltak. Dersom søkjjar får aktivitets- eller arbeidsretta tiltak i regi av Nav, så vil søkjjar som hovudregel ikkje få tildelt plass ved Ner Kolås.

Dersom søkjjar berre ønskjer sosialt fellesskap og sosial aktivitet, skal det ikkje tildelast plass ved arbeids- og aktivitetssenteret Ner Kolås. I slike tilfelle kan søkjjar nytte andre lågterskel dagsentertilbod i Alver. Det er ikkje tilbod om transport til desse dagsentertilboda.

10. Prioritering og utmåling

For søkjarar som har søkt innan 01.03. vil det skje ei prioritering dersom talet på kvalifiserte søkjarar overstig tilgjengeleg kapasitet. Manglande kapasitet er avslagsgrunn.

Førande for prioriteringa er kor lenge søkjjar sitt behov for arbeids- og aktivitetstilbod har vart, og i kva grad søkjjar er vurdert til å kunne nyttiggjere seg tilbodet.

For søkjarar som vert prioritert og får plass, så skjer utmåling av antal dagar (1-3 dagar) etter ei vurdering basert på søkjjar sitt behov, og i kva grad søkjjar kan ta del i og nyttiggjere seg arbeids- og aktivitetstilbodet.

For søkjarar som søker utanom søknadsfristen 01.03. skjer det ei fortløpande vurdering av a) om og b) kor mange dagar søkjjar kan tildelast plass, på basis av kriteria i denne retningslinja.

For søkjarar som er kvalifisert men som ikkje får tilbod, skal alternative tenester vurderast.

KAPITTEL 3. AVSLUTTANDE REGLAR

11. Reduksjon eller bortfall av plass

Innvilga plass ved Ner Kolås vil kunne falle bort eller bli redusert dersom brukaren ikkje nyttar tildelt plass, eller ikkje lenger fyller vilkåra i kapittel 2.

12. Vedtak

Forvaltningskontoret gjer vedtak om tildeling av plass ved arbeids- og aktivitetssenteret på Ner Kolås etter denne retningslinja. Forvaltningskontret gjer også vedtak om prøveperiode.

13. Iverksetting

Denne retningslinja gjeld frå 01.01.2020.